

VIKTIGE DATOAR:

Dette er obligatoriske samlingar for alle som melder seg som konfirmant. Melding om sjukdom eller anna gyldig fráværingsgrunn må meldast til konfirmantlærar snarast råd. Noter dagane no! FLEIRE DATOAR OG TIDSPUNKT VERT LAGT FRAM PÅ KICK OFF 23. AUGUST OG PÅ HEIMESIDA

Dato	Kva skjer
Haust 2017	
Ons. 23.08.2017	Kick off
28.08-08.09	Individuelle samtaler
Laur. 09.09.2017	Laurdag 1: Superlaurdag
Sun. 10.09.2017	Presentasjon
Tir. 19.09.2017	Skaparverkstur*
Ons. 20.09.2017	Skaparverkstur*
Tir. 26.09.2017	Skaparverkstur*
Laur 28.10.2017	Laurdag 2 i Stedje kyrkje
Tir 21.11.2017	Øving lysmesse
Sun 26.11.2017	lysmesse

Vår 2018

Tor. 11.01.2018	Foreldremøte i Stedje Kyrkje
02.-04.02.2018	konfirmantleir

*Skaparverksturen skjer i mindre grupper, du skal difor vera med ein av dagane, i starten av året set vi opp kven som er med når.

KONFIRMANTOPPLEGG ETTER LEIREN

Etter konfirmantleiren vil det vera to laurdagar med undervisning, fasteaksjon, borna sin påskefest og ung messe før konfirmasjonsgudstenestene. Datoplan for våren kjem vi tilbake til i løpet av hausten.

TELEFONAR

Sogndal kyrkjekontor 576 79985 kan svare på spørsmål om påmelding. Du kan ta kontakt direkte med konfirmantansvarleg på telefon, sms eller epost

Andreas Danbolt 481 88 476

andreas@sogndal.kyrkja.no



PÅMELDING

Påmelding skjer elektronisk å www.sogndal.kyrkja.no

Dei som ikkje er døypte i ei av kyrkjene i Sogndal/Leikanger må senda dåpsattest eller kopi av dåpsattest til kyrkjekontoret i Sogndal i samband med påmelding. Ein kan melde seg på undervisninga også om ein ikkje er døypt.

Me ynskjer at alle som har epostadresse kan motta informasjon via epost. Dersom de har spørsmål eller får problem med påmeldinga, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret. Er det noko de synst vi bør vite om, til dømes behov for tilrettelegging etc., er det fint om de melder frå om dette, nemn det gjerne i kommentarfeltet ved påmelding, send ein epost eller kontakt kontoret på telefon.

E-post: post@sogndal.kyrkja.no,

Adresse: Kyrkjevegen 6, 6856 Sogndal

obs påmeldingsfrist: 5. august 2017



Ein brosjyre er sendt ut til alle 14-åringar i landet. Her finn du informasjon om konfirmanttida i den norske kyrkja. Har du fått brosjyren? sjekk elles www.konfirmant.no



ORIENTERING OM KONFIRMASJON STEDJE 2018

Denne orienteringa går til alle i Stedje sokn som skal byrja i 9.klasse i haust og inneheld det ein treng vita om konfirmasjonen/undervisninga.



DEN NORSKE KYRKJA
Stedje sokneråd



UNDERVISNINGA

Vi har laga eit variert konfirmantopplegg. Gjennom aktivitetar, undervisning og deltaking vil du som konfirmant bli betre kjent med kristen tru, du får hjelp til å reflektere over kva du står for, og viktige spørsmål i livet.

Undervisninga vil foregå på laurdagssamlingar, heimegruppesamlingar, konfirmantleir, aktivitetsgrupper og gudstenester. Ungdomsprest Andreas Danbolt er hovudansvarleg for undervisninga, men sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim og andre leiarar vil også ta del. Vi håper og at det vert eit kjekt år som gir noko du kan ta med deg resten av livet.

Laurdagssamlingar

Fire laurdagar i løpet av året har vi konfirmantdag. Ein typisk laurdag startar kl 10 og er ferdig ca kl 14. Den inneheld undervisning, mat/noko å bita i, aktivitet, andakt, song og leik.

Heimegruppe

I løpet av hausten samlast konfirmantane i mindre grupper heime hjå nokre av konfirmantleiarane. Her vert det større moglegheit for å kunne samtale rundt tema, og ha eit mindre fellesskap i konfirmanttida.

Aktivitetsgruppe

Tida etter jul til konfirmasjonen er konfirmantane med på ulike aktivitetsgrupper, det kan vera ungdomsklubb, KRIK (allidrett), heimegruppe, leir eller noko heilt anna. Kva for grupper det vert, vil bli presentert for jul, og konfirmantane vil då få moglegheit til å sende ynskje om kva gruppe dei vil vera med på.

Gudstenester

Konfirmantane er med på 2 gudstenester ein sjølv vel ut. Det ligg ark i kyrkja der ein skriv frå desse gudstestetene. I tillegg er konfirmantane medhjelparar på 2 gudstenester. Det vert sendt ut lister med datoar for dette.



PRESENTASJONGUDSTENESTE

Sundag 10. september kl 11. vert det gudsteneste i Stedje kyrkje med presentasjon av konfirmantane. Set av dagen allereie no.



Lysmesse

27.11 kl 19 vert det lysmesse, dette er ein stemningsfull gudsteneste der vi tenner lys i mørket for å minnst Jesus som kjem til verda. For mange er dette ein markering av starten på adventstida.



Konfirmantleir på Lyngmo (Hafslo)

Leir på Lyngmo 2.-4. februar. Leir er garantert eit høgdepunkt i konfirmanttida. Her vert vi godt kjent med kvarandre, og det er mykje gøy som skjer. Dette er ein av dei gongene vi treng nokre foreldre som sjåførar og andre oppgaver.



Fasteaksjon

Tysdag før påske er det innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp. Då går konfirmantane med bøsse og samlar inn pengar. Kirkens nødhjelp har fokus på reint vatn til dei som ikkje har tilgang på det. For meir info sjå www.fasteaksjonen.no

"UNG MESSE" OG "BORNAS PÅSKEFEST"

Sundag 8. april kl 11 vert det bornas påskefest i Stedje kyrkje. Dette er ei gudsteneste ein del av konfirmantane arrangerer for born. Sundag 30. april kl 19.30 vert det "ung messe," her er dei konfirmantane som ikkje var med på bornas påskefest med. Ung messe er ei gudsteneste der konfirmantane har alle oppgaver. Denne gudstesta summerer opp konfirmantåret for sjølve konfirmasjonsgudstesta.



Foto: Christian Blom

KONFIRMASJONSDAG

Konfirmasjon 2018 i Stedje vert laurdag 12. mai og på sundag 13. mai. Dette er den store dagen der du er konfirmant. Fordeling på kven som er konfirmant på kva for gudsteneste vert gjort i løpet av september.

Kick off

konfirmantar og konfirmantforeldre
onsdag 23. august kl. 19 i Stedje kyrkje

EIGENBETALING

Det vert betalt ein eigendel på kr. 1000,- for ymse utgifter, dette inkluderer leir. Soknerådet dekkjer resten av kostnadane med konfirmantåret som ei gåve frå kyrkjelyden. Betalast til Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd sin konto 3705.19.42087 innan 21.august.